Nissedal kommune

Møteprotokoll

Utval: **Kommunestyret**
Møtestad: Kommunestyresalen, Kommunehuset
Dato: 14.06.2018
Tidspunkt: 18:00 – 21:35

Følgjande faste medlemmer møtte:

Navn	Funksjon	Representerer
Halvor Homme	Ordførar	AP
Geir Christian Enger	Varaordførar	KRF
Bjarne Reime	Medlem	KRF
Magne Haugsjå	Medlem	KRF
Anne-Nora Oma Dahle	Medlem	SP
Ian Parry-Jones	Medlem.	SP
Stein Skåli	Medlem	SP
Inge Magnus Evja	Medlem	SP
Knut Oddvar Nes	Medlem	SP
Runa Vee Tveit	Medlem.	AP
Kai Halvor Juva	Medlem	AP
Andrea Fjalestad	Medlem	AP
Hølje Haugsjå	Medlem	AP
Tore Solli	Medlem	AP
Kristine Sandall	Medlem.	H

Følgjande medlemmer møtte ikkje:

Navn	Funksjon	Representerer
Jørgen Olav Nes	MEDL	FRP
Paul Willy Setane	MEDL	AP

Følgjande varamedlemmer møtte:

Navn	Møtte for	Representerer
Britt Nordbø	Paul Willy Setane	AP
Morten Øen	Jørgen Olav Nes	Uavh.

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Navn	Stilling
Sverre Sæter	Rådmann
Jarle Bruun Olsen	Kommunalsjef økonomi
Jan Arvid Setane	Kommunalsjef samfunn/utvikling
Sissel Bronken	Einingsleiar skule
Kjell Vøllestad	Einingsleiar teknisk

Frå saksnr.: 40/18
Til saksnr.: 52/18

Under godkjenning av saksliste aksepterte kommunestyret at fremlagte sak, 52/18, blei handsama i møtet.

Halvor Homme
ordførar

Saksliste

Utvals-saksnr	Innhald	Lukka
	Saker til behandling	
PS 40/18	Strategiplan for digitalisering av oppvekstsektoren i Nissedal kommune	
PS 41/18	Legging av vass og avløpsleidningar frå Treungen til Kykjebygda	
PS 42/18	Presiseringar - Prinsipp for gjennomføring av obligatorisk tilkopling til offentleg VA-nett	
PS 43/18	Klage på vedtak om betaling av eingongsavgift for tilkopling til kommunal vassforsyning	
PS 44/18	DELTAKING I ALARMSENTRALEN TELEMARK	
PS 45/18	Deltaking i 110-nødalarmsentral for region Sør-Øst	
PS 46/18	1. tertial 2018	
PS 47/18	Framlegg til politisk organisering 2019 - 2023 og tiltak for å sikre rekruttering og hindre fråfall til politisk arbeid	
PS 48/18	Reglement for folkevalde sin innsynsrett	
PS 49/18	Etablering av innkjøpssamarbeid i Midt- og Vest-Telemark	
PS 50/18	Samarbeid om Digitalisering i Vest-Telemark	
PS 51/18	Referat- og drøftingssaker	
PS 52/18	Avtale som sikrar opprusting og årleg vedlikehald av vegen til Jettegrytene	

Saker til behandling

PS 40/18 Strategiplan for digitalisering av oppvekstsektoren i Nissedal kommune

Rådmannen si tilråding:
Kommunestyret vedtek Strategiplan for digital satsing i barnehagar og skular i Nissedal kommune slik den ligg føre.
Kommunestyret vedtek å løyve kr 335 000 i 2018 til kostnader knytt til førebuing av prosjektet.
Kommunestyret vedtek å løyve kr 1 309 000 i 2019 til utrulling, kompetanse, applikasjonar og tavler, samt til å dekke kostnad til D-pedagogar.

Saksprotokoll i Kommunestyret - 14.06.2018

Einingsleiar skule Sissel Bronken innleia i saka.

Tilleggsframlegg frå SP/H v/Ian Parry-Jones:
Kommunestyret vedtar å lease utstyr for å sikre oppgradert og moderne utstyr.

Votering:
Tilråding samrøystes vedteke

Tilleggsforslag til SP/H: 7 røysta for (SP/H/Morten Øen), 10 røysta mot (AP,Krf.) .

Vedtak

Kommunestyret vedtek Strategiplan for digital satsing i barnehagar og skular i Nissedal kommune slik den ligg føre.
Kommunestyret vedtek å løyve kr 335 000 i 2018 til kostnader knytt til førebuing av prosjektet.
Kommunestyret vedtek å løyve kr 1 309 000 i 2019 til utrulling, kompetanse, applikasjonar og tavler, samt til å dekke kostnad til D-pedagogar.

PS 41/18 Legging av vass og avløpsleidningar frå Treungen til Kykjebygda

Rådmannen si tilråding:

Kommunestyret løyver 35 millionar til legging av hovudleidningar frå Ånundsbuoddane til landtak ved Nissedal kyrkje. Prosjektramme på 35 mill. blir lånefinansiert. Prosjektet får eit budsjett på 10 mill. i 2018. 25 mill. vert innarbeidd i investeringsbudsjettet for 2019.

Budsjettskjema 2A blir endra slik:
Investeringar i anelggsmiddel + 10 mill.
Bruk av lånemidlar - 10 mill.

Budsjettskjema 2B blir endra slik:
Ny line: Vass- og avlaupsleidning – Treungen – Kyrkjebygda 10 mill.

Saksprotokoll i Formannskapet - 31.05.2018

Halvor Homme bad om å få sin habilitet vurdert.
Votering: samrøystes funne ugild i saka.

Votering: samrøystes som tilråding.

Vedtak

Kommunestyret løyver 35 millionar til legging av hovudleidningar frå Ånundsbuoddane til landtak ved Nissedal kyrkje. Prosjektramme på 35 mill. blir lånefinansiert. Prosjektet får eit budsjett på 10 mill. i 2018. 25 mill. vert innarbeidd i investeringsbudsjettet for 2019.

Budsjettskjema 2A blir endra slik:
Investeringar i anleggsmiddel + 10 mill.
Bruk av lånemidlar - 10 mill.

Budsjettskjema 2B blir endra slik:
Ny line: Vass- og avlaupsleidning – Treungen – Kyrkjebygda 10 mill.

Saksprotokoll i Kommunestyret - 14.06.2018

Bjarne Reime og Halvor Homme bad om å få sin habilitet vurdert.
Votering: samrøystes funne ugilde i saka.

Votering: samrøystes som tilråding.

Vedtak

Kommunestyret løyver 35 millionar til legging av hovudleidningar frå Ånundsbuoddane til landtak ved Nissedal kyrkje. Prosjektramme på 35 mill. blir lånefinansiert. Prosjektet får eit budsjett på 10 mill. i 2018. 25 mill. vert innarbeidd i investeringsbudsjettet for 2019.

Budsjettskjema 2A blir endra slik:
Investeringar i anleggsmiddel + 10 mill.
Bruk av lånemidlar - 10 mill.

Budsjettskjema 2B blir endra slik:
Ny line: Vass- og avlaupsleidning – Treungen – Kyrkjebygda 10 mill.

PS 42/18 Presiseringar - Prinsipp for gjennomføring av obligatorisk tilkopling til offentleg VA-nett

Rådmannen si tilråding:

1. Kommunestyret gjer fylgjande presisering av pkt. 1 i sitt vedtak i Ksak 41/14:
   Med "eigedom" meinast eigedom med bygg klassifisert med kode 161 eller 524 etter Matrikkellova.
2. Alle bygg berekna for overnatting, med bebygd areal (BYA) inntil 25 m2, skal

klassifiserast med kode 529.
3. Rådmannen får fullmakt til å omklassifisere dei bygg dette gjeld.

Saksprotokoll i Kommunestyret - 14.06.2018

Votering: samrøystes som tilråding.

Vedtak

1. Kommunestyret gjer fylgjande presisering av pkt. 1 i sitt vedtak i Ksak 41/14:
   Med "eigedom" meinast eigedom med bygg klassifisert med kode 161 eller 524 etter Matrikkellova.
2. Alle bygg berekna for overnatting, med bebygd areal (BYA) inntil 25 m2, skal klassifiserast med kode 529.
3. Rådmannen får fullmakt til å omklassifisere dei bygg dette gjeld.

PS 43/18 Klage på vedtak om betaling av eingongsavgift for tilkopling til kommunal vassforsyning

Rådmannen si tilråding:

Klage frå Rita Margrethe Sæthre og Terje Sæthre på vedtak om betaling av eingongsavgift for tilkopling til kommunal vassforsyning vert ikkje teken til fylgje.

Saksprotokoll i Kommunestyret - 14.06.2018

Votering: samrøystes som tilråding.

Vedtak

Klage frå Rita Margrethe Sæthre og Terje Sæthre på vedtak om betaling av eingongsavgift for tilkopling til kommunal vassforsyning vert ikkje teken til fylgje.

PS 44/18 DELTAKING I ALARMSENTRALEN TELEMARK

Rådmannen si tilråding:

Nissedal kommune går ikkje inn i det interkommunale samarbeidet "Alarmsentralen Telemark".

Saksprotokoll i Kommunestyret - 14.06.2018

Votering: samrøystes som tilråding.

Vedtak

Nissedal kommune går ikkje inn i det interkommunale samarbeidet "Alarmsentralen Telemark".

PS 45/18 Deltaking i 110-nødalarmsentral for region Sør-Øst

Rådmannen si tilråding:

Nissedal kommune går inn som deltakar i Sør-Øst 110 IKS. Rådmannen kjem attende med ny sak om selskapsavtale, innskot av kommunen sin eigenkapital, dekking av drift- og etableringskostnader, og val av representantar til representantskapet.

Saksprotokoll i Kommunestyret - 14.06.2018

Votering; samrøystes som tilråding.

Vedtak

Nissedal kommune går inn som deltakar i Sør-Øst 110 IKS. Rådmannen kjem attende med ny sak om selskapsavtale, innskot av kommunen sin eigenkapital, dekking av drift- og etableringskostnader, og val av representantar til representantskapet.

PS 46/18 1. tertial 2018

Rådmannen si tilråding:

1. Rapport for 1. tertial 2018 vert teke til vitande.
2. Driftsbudsjett 2018 vert endra jf. budsjettskjema 1A og 1B i rapporten.
3. Investeringsbudsjett 2018 vert endra jf. budsjettskjema 2A og 2B i rapporten.
4. Disponering av ulike næringsfondsmedel vert gjort slik det er omtalt i avsnitt "4.3.2 Næring" i handlingsdelen av tertialrapporten.

Saksprotokoll i Formannskapet - 31.05.2018

Rådmannen gjorde greie for avvik på tal i rapporten kring universell utforming i tertialrapporten (kr 190.000) og tal nytta i f-sak 76/18 (kr 241.000). Tal nytta i f-sak 76/18 er det rette. Dette vert tilrådd endra, slik at ramme for teknisk eining vert auka med kr 51.000 meir enn oppsett i rapport. Dette vert finansiert med bruk av fond. Bruk av fond aukar då med kr 15.000 i staden for å bli redusert med kr 36.000.

Tilslutning frå formannskapet at endra tilråding ligg til grunn for handsaming av saka.

Votering: samrøystes som tilråding.

Vedtak

1. Rapport for 1. tertial 2018 vert teke til vitande.
2. Driftsbudsjett 2018 vert endra jf. budsjettskjema 1A og 1B i rapporten, med endring gjort

greie i høve til f-sak 76/18.
3. Investeringsbudsjett 2018 vert endra jf. budsjettskjema 2A og 2B i rapporten.
4. Disponering av ulike næringsfondsmedel vert gjort slik det er omtalt i avsnitt "3.3.2 Næring" i handlingsdelen av tertialrapporten.

Saksprotokoll i Arbeidsmiljøutvalet - 06.06.2018

Votering: samrøystes som tilråding.

Uttale frå AMU

1. Rapport for 1. tertial 2018 vert teke til vitande.
2. Driftsbudsjett 2018 vert endra jf. budsjettskjema 1A og 1B i rapporten, med endring gjort greie i høve til f-sak 76/18.
3. Investeringsbudsjett 2018 vert endra jf. budsjettskjema 2A og 2B i rapporten.
4. Disponering av ulike næringsfondsmedel vert gjort slik det er omtalt i avsnitt "3.3.2 Næring" i handlingsdelen av tertialrapporten.

Saksprotokoll i Kommunestyret - 14.06.2018

Votering: samrøystes som tilråding.

Vedtak

1. Rapport for 1. tertial 2018 vert teke til vitande.
2. Driftsbudsjett 2018 vert endra jf. budsjettskjema 1A og 1B i rapporten, med endring gjort greie for i f-sak 76/18.
3. Investeringsbudsjett 2018 vert endra jf. budsjettskjema 2A og 2B i rapporten.
4. Disponering av ulike næringsfondsmedel vert gjort slik det er omtalt i avsnitt "3.3.2 Næring" i handlingsdelen av tertialrapporten.

PS 47/18 Framlegg til politisk organisering 2019 - 2023 og tiltak for å sikre rekruttering og hindre fråfall til politisk arbeid

Ordførar si tilråding:

- Rådmannen må sette i verk tiltak slik at omfanget på sakspapir blir redusert.
- Gruppeleiarar i parti som ikkje er representert i formannskapet har tale- og forslagsrett i formannskapet. Når dei møter får dei møtegodtgjersle og evt. tapt arbeidsforteneste.
- Framlegg til "Reglement for politikargodtgjering" blir vedteke slik det ligg føre, med m.a. endring av nivå på møtegodtgjersle.
- Rådmannen må fullføre arbeidet med å få etablert eit ungdomsråd.
- Kommunestyremøte vert normalt gjennomført på dagtid. Normalt vert det sett opp 6 kommunestyremøte i året.
- Folkevaltopplæringa vert utvida til og å omfatte internopplæring i lokale prosessar/saker. Det må og bli gjennomført opplæring for politikarar som blir valt til styreverv (primært ekstern opplæring).
- Partia vert oppmoda til å fordele taletida i kommunestyret mellom representantane.

- Felles gruppemøter kan vere nyttige i "tunge" saker. Ordførar har eit ansvar for å organisere dette.
- Alle parti vert oppmoda til å gjennomføre gruppemøter.
- Kvart parti blir oppmoda om å ha gjennomført nominasjonsprosess og programarbeid i god tid før frist. Helst før 1. januar i valåret.
- Alle parti blir oppmoda til å vere med på felles valkamp-arrangement.

I budsjett for 2020 vert meirkostnad til møtegodtgjering/tapt arbeidsfortenste på omlag kr 350.000 innarbeidd.

Saksprotokoll i Kommunestyret - 14.06.2018

Ordførar varsla om gruppemøte før votering.

Endringsforslag til AP/Krf. v/ordfører slik:
Ordet "Forslagsrett" tas bort i kulepunkt 2.
og
5. kulepunkt vert endra til: Som ei prøveordning innførast det 2 dagmøter pr. år i neste kommunestyreperiode.

Endringsframlegg til SP/H/Morten Øen. v/Ian Parry-Jones slik:
Kulepunkt 1: som tilråding
Kulepunkt 2: strykes
Kulepunkt 3: ordførargodtgjering 77% av stortingsrepresentant i si godtgjering ellers ‰ og % sats for øvrige representantar som i inneverande periode.
Kulepunkt 4: som tilråding
Kulepunkt 5: som idag, med unnatak av budsjettmøte som kan leggast til dagmøte.
Kulepunkt 6-11: som tilråding
Siste setning strykast.

Votering:
Kulepunkt 2:
Endringsforslag til AP/Krf. vart sett opp mot endringsforslag til SP/H/Morten Øen:
10 røysta for endringsforslag til AP/Krf. (AP/Krf.), 7 røysta for endringsforslag til SP/H/Morten Øen (SP/H/Morten Øen)

Kulepunkt 3:
10 røysta for tilråding (AP/Krf.), 7 røysta for endringsforslag (SP/H/Morten Øen)

Kulepunkt 5:
Endringsforslag til AP/Krf. vart sett opp mot endringsforslag til SP/H/Morten Øen:
10 røysta for endringsforslag til AP/Krf. (AP/Krf.), 7 røysta for endringsforslag til SP/H/Morten Øen (SP/H/Morten Øen)

Resten av kulepunkta (kulepunkt 1, 4, og 6-11), samrøystes vedteke.

Vedtak

- Rådmannen må sette i verk tiltak slik at omfanget på sakspapir blir redusert.

- Gruppeleiarar i parti som ikkje er representert i formannskapet har talerett i formannskapet. Når dei møter får dei møtegodtgjersle og evt. tapt arbeidsforteneste.
- Framlegg til "Reglement for politikargodtgjering" blir vedteke slik det ligg føre, med m.a. endring av nivå på møtegodtgjersle.
- Rådmannen må fullføre arbeidet med å få etablert eit ungdomsråd.
- Som ei prøveordning innførast det 2 dagmøter pr. år i neste kommunestyreperiode.
- Folkevaltopplæringa vert utvida til og å omfatte internopplæring i lokale prosessar/saker. Det må og bli gjennomført opplæring for politikarar som blir valt til styreverv (primært ekstern opplæring).
- Partia vert oppmoda til å fordele taletida i kommunestyret mellom representantane.
- Felles gruppemøter kan vere nyttige i "tunge" saker. Ordførar har eit ansvar for å organisere dette.
- Alle parti vert oppmoda til å gjennomføre gruppemøter.
- Kvart parti blir oppmoda om å ha gjennomført nominasjonsprosess og programarbeid i god tid før frist. Helst før 1. januar i valåret.
- Alle parti blir oppmoda til å vere med på felles valkamp-arrangement.

I budsjett for 2020 vert meirkostnad til møtegodtgjering/tapt arbeidsfortenste på omlag kr 350.000 innarbeidd.

PS 48/18 Reglement for folkevalde sin innsynsrett

Rådmannen si tilråding:

Framlegg til "Reglement for kommunestyret og andre folkevalde sin rett til innsyn i saksdokument", blir vedteke slik det ligg føre.

Saksprotokoll i Kommunestyret - 14.06.2018

Votering: samrøystes som tilråding.

Vedtak

Framlegg til "Reglement for kommunestyret og andre folkevalde sin rett til innsyn i saksdokument", blir vedteke slik det ligg føre.

PS 49/18 Etablering av innkjøpssamarbeid i Midt- og Vest-Telemark

Rådmannen si tilråding:

Nissedal kommune vedtek å gå inn i eit vertskommunesamarbeid med kommunar i Midt- og Vest-Telemark.
Rådmennene får i oppdrag å etablere eit samarbeid og vurdere egna organisasjonform, innan 1.1.2019. Dette inkluderer vertskommuneavtale, vedtekter, driftsmodell og budsjett basert på «Forslag 2»

Saksprotokoll i Kommunestyret - 14.06.2018

Votering: samrøystes som tilråding.

Vedtak

Nissedal kommune vedtek å gå inn i eit vertskommunesamarbeid med kommunar i Midt- og Vest-Telemark.
Rådmennene får i oppdrag å etablere eit samarbeid og vurdere egna organisasjonsform, innan 1.1.2019. Dette inkluderer vertskommuneavtale, vedtekter, driftsmodell og budsjett basert på «Forslag 2»

PS 50/18 Samarbeid om Digitalisering i Vest-Telemark

Rådmannen si tilråding:

Nissedal kommune sluttar seg til felles arbeid med digitalisering i Vest-Telemark.

Saksprotokoll i Kommunestyret - 14.06.2018

Votering: samrøystes som tilråding.

Vedtak

Nissedal kommune sluttar seg til felles arbeid med digitalisering i Vest-Telemark.

PS 51/18 Referat- og drøftingssaker

Rådmannen si tilråding:

Referat- og drøftingssaker vert teke til vitande.

Saksprotokoll i Kommunestyret - 14.06.2018

Under pkt. B:
- GDPR (nye reglar om vern av personopplysningar)
- Rekruttering i div. stillingar

Votering: samrøystes som tilråding.

Vedtak

Referat- og drøftingssaker vert teke til vitande.

PS 52/18 Avtale som sikrar opprusting og årleg vedlikehald av vegen til Jettegrytene

Rådmannen si tilråding:

1. Nissedal kommunestyre godkjenner den framlagte avtala.
2. Ordførar får fullmakt til godkjenne mindre endringar av avtaleteksten.
3. I tillegg til rådmannens disponering av KMD-midlar med kr 50.000 etter fullmakt, løyvast det kr 50.000 frå friluftsmidlane for Arendalsvassdraget.
4. Budsjettskjema 2A endrast slik:

Utlån og forskottering	+ 1.200.000
Bruk av lånemidlar	- 1.200.000

Saksprotokoll i Kommunestyret - 14.06.2018

Magne Haugsjå, Hølje Haugsjå og Ian Parry-Jones bad om å få sin habilitet vurdert.

Votering:
Hølje Haugsjå samrøystes funne gild i saka.
Magne Haugsjå funne samrøystes ugild i saka.
Ian Parry-Jones: 8 røysta for at Parry-Jones er gild i saka (SP, Krf., Morten Øen., Hølje Haugsjå), 7 røysta for at Parry-Jones er ugild i saka (Halvor Homme, Runa Vee Tveit, Britt Nordbø, Andrea Fjalestad, Tore Solli, Kai Halvor Juva, H). Ian Parry-Jones funne gild i saka.

Kommunalsjef samfunn/utvikling Jan Arvid Setane innleia om saka.

Votering: samrøystes som tilråding.

Vedtak

1. Nissedal kommunestyre godkjenner den framlagte avtala.
2. Ordførar får fullmakt til godkjenne mindre endringar av avtaleteksten.
3. I tillegg til rådmannens disponering av KMD-midlar med kr 50.000 etter fullmakt, løyvast det kr 50.000 frå friluftsmidlane for Arendalsvassdraget.
4. Budsjettskjema 2A endrast slik:

Utlån og forskottering	+ 1.200.000
Bruk av lånemidlar	- 1.200.000